

RESULTAT

PENSJONISTFORBUNDET NORDBYGDA

2022

Gruppe/konto	Område	2022	2021
SALGSINNTEKT :			
3000 MEDLEMSPENNGAR		-7 470	-6 100
3100 MEDLEMSMØTER - ÅRESALG		-10 730	-7 375
3400 KULTURMIDLER		-2 000	-1 000
3420 MOMSKOMPENSASJON		-50 987	-827
3450 TILSKOT - ELDRE UT PÅ MIDDAG			-30 270
3550 AUKA AKTIVITET BLANT ELDRE			-60 136
3560 EKSTRAURTIFTER P.G.A. KORONA			-1 500
Sum SALGSINNTEKT	3000-3599	-71 187	-107 208
ANNEN DRIFTSINNTEKT :			
3650 TURVEG HOSTELAND - TURSTI			-490 500
3750 40 ÅRS JUBILEUM - REFUSJON			-11 000
3800 TILSKOT - TEATERTUR - BERGEN			-22 580
3850 INNBETALING FOR TURAR FRÅ MEDL		-5 400	
3900 TILSKOT - TURAR RREISER		-4 000	
Sum ANNEN DRIFTSINNTEKT	3600-3999	-9 400	-524 080
SUM DRIFTSINNTEKTER	3000-3999	-80 587	-631 288
VAREKOSTNAD :			
4000 HUSLEIGE - FOR MØTER			1 500
4050 KONTORUTGIFTER		2 459	
4100 MEDLEMSMØTER - MAT		9 651	6 852
4150 DIVERSE INNKJØP TIL MEDLEMSMØT		9 760	446
4200 BLOMSTER		1 676	
4210 BÅREBUKETT - MINNEGÅVER		3 575	1 400
4350 40 ÅRS JUBILEUM - MARKERING			22 261
4400 GEBYRER M.M. - BANK			310
4500 TURSTI - HOSTELAND - TURSTIEN			519 328
Sum VAREKOSTNAD	4000-4599	27 121	552 097
LØNSKOSTNAD :			
5000 HONORAR - M.M.		2 000	40 000
5010 UTGIFTER KONSERT - MOLDESTAD			20 136
5050 TEATERTUR - BERGEN			22 580
Sum LØNSKOSTNAD	5000-5999	2 000	82 716
ANNEN DRIFTSKOSTNAD :			
7000 GÅVER - RUNDE DAGER M.M.			2 524
7005 KONFERANSER - MØTER		3 060	
7100 TURER - REISEUTGIFTER		11 033	
Sum ANNEN DRIFTSKOSTNAD	6100-7999	14 093	2 524
SUM DRIFTSKOSTNADER	4000-7999	43 214	637 337
DRIFTSRESULTAT	3000-7999	-37 373	6 049
INNTEKT PÅ INVESTERING I DATTERSELS :			
8000 RENTEINNTEKTER		-36	-9
Sum INNTEKT PÅ INVESTERING I DATTERSELS	8000-8009	-36	-9
ORDINÆRT RESULTAT FØR SKATTEKOSTNAD	3000-8299	-37 409	6 040
ORDINÆRT RESULTAT	3000-8399	-37 409	6 040
ÅRSRESULTAT	3000-8899	-37 409	6 040

* Gjeld/inntekter/overskudd vises med negativt fortegn

RESULTAT

Side - 1

27.01.23

ÅRSMELDING FOR PENSJONISTFORBUNDET NORDBYGDA 2022.

Styret har dette året hatt ei slik samansetjing:

Leiar:	Ivar Haukeland
Nestleiar:	Marit Løvik
Kasserar:	Ragna Vabø
Styremedlem:	Karen Margrethe Sleire
Skrivar:	Helge Haukeland
Varamedlemmer:	Harald Birkeland, Lillian Haugsdal, Aase Skjervheim Areklett

Styret har i perioden hatt to styremøte og behandla 11 saker, fleire av dei med fleire underpunkt. I tillegg har leiar hatt telefonisk kontakt med styremedlemmene for å avklara enkelte saker fortløpande. Leiar har personleg delt ut innkalling, infoskriv og «Hjartevarme» til medlemmene.

Etter ein del restriksjonar i starten på året på grunn av Koronaen, kom vi etter kvart tilbake til normalen att. Med dei nedstengingane som har vore i samfunnet dei par siste åra, tek det likevel ei stund for å få oppatt aktiviteten i laget. I dette året har ein og opna for at ikkje-medlemmer og kan delta på møta våre.

6 medlemsmøter er gjennomført i årsmøteperioden. Vi starta forsiktig med 12 medlemmer, men etterkvart har det tekje seg opp til 23. Alle møta har hatt ulike tema. I tillegg må ikkje den sosiale delen undervurderast. Det er viktig å ta seg tid til litt mat og kaffi, ein god prat, og litt sang. Nytt av året er at Pensjonistforbundet sentralt har fått laga ei ny sangbok. Denne var kjærkommen for å få litt fornying i sangutvalget. Dei sangbøkene vi har kjøpt inn, har vi kjøpt i lag med Nordbygda Helselag. Pensjonistforbundet gav også 20 eksemplar av denne boka til ein institusjon. Det var leiaren i Pensjonistforbundet Indre Masjorden og Nordbygda enige om at dei måtte gå til Sjukeheimen på Hosteland. Gåva vart der motteken med stor takk.

Av tema på medlemsmøta kan nemnast:

Bibliotekar Linn Benedikt Brakstad tok oss med på ei reise gjennom mange boktitlar. Rune Garmann orienterte om endringane som er på gang i Frivilligsentralen i Masfjorden. Kommunefysioterapeut Lene Danielsen orienterte breitt om viktigheten av fysisk aktivitet. Fotograf Arne Årseth gav oss innblikk i sine 19 bøker og mange flotte bildeseriar. Vi har og hatt besøk av kulturskulen, og det freistar til gjentakning.

På årsmøte vårt 14. februar (25 framsmøtte) fekk vi ikkje halda medlemsmøte på grunn av koronareglar. Ordførar Karstein Totland var likevel med oss og orienterte om interessante saker som rører seg i kommunen. I tillegg hadde han det ærefulle oppdraget i lag med Rune Garmann, å dela ut Frivilligprisen for 2021 til leiaren vår, Ivar Haukeland. På dette møtet vedtok og Nordbygda Pensjonistlag å skifta navn til Pensjonistforbundet Nordbygda.

Endeleg var det i år mulig å arrangera vårfesta att. 24. april møtte mange, og frå Nordbygda, til ein festpynta sal på Fjon grendahus. Utanom god mat fekk vi opplesing, gode musikkinnslag og eit flammande innlegg frå Trude Dreveland, med hennar breie livserfaring både frå sjukeheimar og eldreomsorg.

Eldredagen vart i år arrangert 30. september på Nordbygda samfunnshus. Litt mindre oppmøte enn vanleg var der, men dei som var med fekk ei triveleg stund. Gode musikalske innslag. Ordførar i

PROTOKOLL FRÅ ÅRSMØTE I PENSJONISTFORBUNDET NORDBYGDA

13. februar 2023 KL 14.00.

Stad: Møte blei halde i Helselagsstova på Hosteland.

Frammøtte: 28 stemmeberettiga medlemmar.

Leiar Ivar Haukeland ynskte velkommen til årsmøte. Han ba så om 1 min stillheit for 5 medlemmar som hadde gått bort sidan sist årsmøte.

Årsmøtesaker:

1. **Godkjenning av saksliste og innkalling:** Sakslista og Innkallinga blei godkjend einstemmig.
2. **Val av møteleiar:** Ivar Haukeland vart vald til møteleiar.
3. **Til å føra møteboka:** Helge Haukeland vart vald til det.
4. **To til å skriva under møteboka:** Klara Nesbø og Marit Løvik vart valde.
5. **Årsmelding for 2022:** Årsmeldinga vart utdelt og Helge Haukeland las den. Det kom to merknader. På side to andre avsnitt står der pensjonistpartia der det skulle stått pensjonistlaga. I tillegg har Pensjonistforbundet Nordbygda gitt uttale til to kommunale høyringar: «Høyring- plan for friluftslivet sine ferdselsårer i Masfjorden kommune 2022-2030» og «Høyring bustadpolitisk plan for Masfjorden kommune 2022-2023». Med denne endringa og tilføyningane blei årsmeldinga for 2022 einstemmig godkjend.
6. **Rekneskap for 2022:** Rekneskapen for 2022 blei utdelt. Kasserar Ragna Vabø hadde lovleg forfall, og i hennas fråver gjekk leiar Ivar Haukeland gjennom hovudtala. Rekneskapen vart deretter godkjend.
7. **Arbeidsplan for 2022.** Arbeidsplan for 2022 blei utdelt. Leiar Ivar Haukeland gjekk i gjennom forslag til arbeidsplan. Den fekk ei tilføyning der medlemsverving kom med. Økonomien vil og vera styrande for aktiviteten i laget. Arbeidsplanen vart deretter godkjend.
8. **Budsjett for 2022.** Leiar Ivar Haukeland delte ut budsjettforslag og orienterte: Det er sett opp eit nøkternt budsjettforslag. Budsjettforslaget vart deretter einstemmig vedteke.
9. **Val:** Leiar i valnemda Klara Nesbø la fram deira forslag på **val av tre styremedlemmar**. Ivar Haukeland og Helge Haukeland var på val. Begge to tok attval og begge to vart einstemmig valde. Marit Løvik hadde sagt i frå seg attval, og i hennar plass vart Reidun Frøne einstemmig vald.
10. **Val av leiar.** Det kom forslag på Ivar Haukeland som fortsatt leiar. Han vart vald med akklamasjon
11. Deretter **val av 3 varamedlemmar** til styret. Forslag på Harald Birkeland, Lillian Haugsdal og Aase Skjervheim Areklett. Alle tre vart valde einstemmig.

Rammebudsjett 2023			
		Inntekt	Utgift
Medlemskontingent		8000,00	
Åresal		10500,00	
Kulturmidlar		2000,00	
Momskompensasjon		1000,00	
Tilskott		4000,00	
Medlemsmøte, mat			10000,00
Kontorutgifter			1000,00
Honorar ved møte			5000,00
Blomsterhelsingar			1500,00
Deltaking fylkessamling			3000,00
Tursubsidiering, gåver			10000,00
		25500,00	30500,00
Bruk av egne midlar		5000,00	
		30500,00	30500,00

PENSJONISTFORBUNDET – TYDELEG, STERK OG SYNLEG!

Pensjonistforbundet er ein landsomfattande, livsnøytral og partipolitisk uavhengig organisasjon.

AKTIVITETSPLAN 2023 FOR PENSJONISTFORBUNDET NORDBYGDA

- Laget har som mål å halda aktivitetar som medlemmane finn det meningsfullt å ta del i. Dette kan ein få til i samarbeid med andre lag, den nyoppretta Frivilligsentralen, eller ved at laget åleine står for aktiviteten.

Dette vil vi:

- Driva aktiv medlemsverving.
- Halda fram med medlemsmøte andre mandag i vintermånadane slik som no.
- Gje blomsterhelsing til medlemmar som rundar 80, 85, 90, 95, osv. og helsing når medlemmar går bort.
- Gjera dugnad som gagnar fellesskapet i den grad styret finn det egna for laget og medlemmane.
- Delta på vårfesta i april som Pensjonistforbundet Indre Masfjorden arrangerar.
- Vurdera å reisa i Stordalen med medlemsmøte mandag 8. mai.
- Gjennomføra turen Sørlandet rundt i 4 dagar, 22. – 25. mai.
- Arrangera turar som passar for medlemmane.
- Delta på «Pensjonistseminaret» under Knarvikmila tirsdag 29. august.
- Vera med på eldredagen til hausten. (Søndag 1. oktober)
- Komma med forslag til medlem av eldrerådet etter kommunevalet no i haust.
- Gje uttalelse i kommunale høyringar som er aktuelle.
- Vera engasjert i eldrerådet i eldrepolitiske saker, å arbeida for at eldrerådet får tale og forslagsrett i kommunestyret i saker som gjeld dei.
- Samarbeida med andre lag om mogelege tiltak «for dei me ikkje ser».
- Planleggja og gjennomføra ei juleavslutning.
- Ha aktivitet i laget som står i forhold til økonomien.

Hosteland 13.02.2023, Ivar Haukeland, leiar.

Ivar Haukeland